

# Søknad om D-nummer for tinglysing i grunnboka



Kartverket

Send saman med dokumentet som skal tinglysast til:

Dokument som gjeld fast eigedom:

**Kartverket Tinglysing**  
**Postboks 600 Sentrum**  
**3507 Hønefoss**

Dokument som gjeld andel i burettslag:

**Kartverket Ullensvang**  
**Postboks 200**  
**5788 Kinsarvik**

Kartverket rekvirerer D-nummer for personar som ikkje har norsk fødselsnummer, og som treng D-nummer i samband med tinglysing i grunnboka. Vi rekvirerer D-nummer berre i samband med konkrete tinglysingssaker. Du må derfor fylle ut dette skjemaet og sende det inn til oss saman med dokumentet som skal tinglysast.

D-nummer blir tildelt av Sentralkontoret for folkeregistrering, og skal brukast i alle samanhengar det er behov for en slik identifisering for norske styresmakter.

For at Kartverket skal kunne bestille D-nummer, må du fylle ut alle felta i blanketten.

I tillegg må du legge ved bekrefta kopi av eit legitimasjonsdokument med bilde, der ditt fulle namn, fødselsdato, kjønn og statsborgarskap går klart fram - for eksempel pass.

**Kopien skal vere bekrefta rett kopi av norsk offentlig myndigheit (som skattekontor, politi, NAV, Brønnøysundregistra, norsk utanriksstasjon, notarius publicus, tingretten), utanlandsk notarius publicus, politi i anna nordisk land, norsk autorisert regnskapsfører, norsk advokat, norsk eigedomsmekler, norsk autorisert eller statsautorisert revisor. Norske bankar og forsikringsselskap kan også bekrefte rett kopi.**

## 1. Personnamn

Fornamn	Mellomnamn	Etternamn
---------	------------	-----------

## 2. Fødselsdato

Fullstendig fødselsdato (dd.mm.åååå)

## 3. Kjønn

Mann

Kvinne

## 4. Statsborgarskap

## 5. Adresse i heimlandet

Adresse

Postnummer	Poststad	Land
------------	----------	------

## 6. Opphalds- eller kontaktadresse i Noreg

Adresse

Postnummer	Poststad
------------	----------

## 7. Andre merknader/opplysingar

## 8. Underskrifter

Eg stadfester at opplysingane i dette skjemaet er rette, og er kjent med straffeansvaret for å gi falske opplysingar til offentlig myndigheit.

Stad og dato	Underskrift
--------------	-------------

**Hugs underskrift og bekrefta kopi av legitimasjonsdokumentet!**